



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

KVAM UNGDOMSSKULE



Læringsutbyte for alle elevane; med vekt på organisering og tilpassing av opplæringa

Kvam ungdomsskule
Rektor: Frode Sandven
Adresse: Postboks 94
5604 Øystese

e-post: frode.sandven@kvam.kommune.no
Heimeside: www.kvam.no/skule/kvam

14.- 17.mars 2011



Innhaldsliste:

1. Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr. år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølvne vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølvne vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen.

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Kvam ungdomsskule er ein ny skule som ligg flott til i Øystese med utsikt til vakre Hardangerfjorden.

Den har 271 elevar fordelt med 91/76/104 på trinna i skuleåret 2010/2011. Skulen har eit personale på 39.

Kvam ungdomsskule er bygd som ein fleksibel baseskule der ein kan dela elevromma i små eller større rom.

Elevane er organiserte i til saman 17 basisgrupper på 14 – 18 elevar. Kvart trinn har sitt areal med formidlingsrom, baserom og grupperom for elevane og teamrom for personalet.

Undervisninga er organisert på ulike måtar. Einingane varierer mellom basisgruppe og storgruppe (11/2 – 2 basisgrupper). I faga norsk, matematikk, engelsk og 2. framandspråk blir oppgåvene gjeve delvis etter tre kompetansenivå, K1, K2 og K3. I matematikk er elevane på kvar halvpart av trinnet samla i sine kompetansenivågrupper. Inndelinga er ikkje permanent, den er etablert og blir kontinuerleg vurdert av lærar, elev og foreldre.

Elevar som har spesialundervisning kan vere på eigne grupper.

Personalet kjenner på at ein står mellom gamle og nye måtar å tenkja bruken av skulebygget og organiseringa av undervisninga på. Difor ønskte dei å få vurdert om dei brukar skulebygget på ein optimal måte i høve til korleis dei organiserer undervisninga no. Korleis brukar ein storgrupper og basisgrupper?

Vurderarane møtte plangruppa på skulen for at ein saman kunne presisere ynsket frå skulen. Ein kom då fram til at det var læringsutbyttet for elevane ein skulle setje fokus på. Det skulle leggjast vekt på organisering og tilpassing av undervisninga.

Temaet vart altså: Læringsutbyte for alle – med vekt på organisering og tilpassing av opplæringa.



3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Kvam ungdomsskule, vår 2011

Tema: Læringsutbyte for alle elevane - med vekt på organisering og tilpassing av opplæringa.

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
<p>A</p> <p>Skulen er ein lærande organisasjon</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1 Personalet er opne for endringar. 2 Personalet får tid til å reflektere rundt skulen sitt felles verdisyn. 3 Skulen legg til rette for drøfting av skulen sin pedagogiske praksis og trong for kompetanseheving i høve undervisningsorganisering og tilpassing av opplæringa. 4 Skulen har rutinar for å følgja opp



	<p>nasjonale vurderingssystem (nasjonale prøvar, elevundersøkinga, eksamen).</p> <ol style="list-style-type: none">5 Leiinga legg til rette for at timeplanen skal ta omsyn til ulike organisatoriske behov.6 Leiinga legg til rette for fleksibel bruk av personalet.7 Personalet følgjer opp tilrettelegginga frå leiinga for fleksibel organisering av undervisninga.8 Skulen gjev heimane informasjon om organisering av undervisninga og grunngevinga for denne.
<p>B</p> <p>Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal få maksimalt utbytte av læringsarbeidet som foregår.</p>	<ol style="list-style-type: none">1 Personalet samarbeider om elevane sitt læringsarbeid.2 Organiseringa er slik at personalet får brukt sine sterke sider i læringsarbeidet.3 Undervisninga blir organisert slik at læringsarbeidet blir tilpassa den einskilde eleven.4 Timane er planlagde med konkrete, tydelege og realistiske mål for læringsarbeidet.5 Det blir lagt opp til at elevane skal lære og bruke ulike læringsstrategiar.6 Det er låg terskel for kontakt mellom skulen og heimen.
<p>C</p> <p>Elevane opplever eit strukturert og målretta læringsarbeid som skaper mestring i skulekvardagen.</p>	<ol style="list-style-type: none">1 Elevane opplever at læringsmiljøet er trygt2 Elevane samarbeider med lærarane sine om mål for læringsarbeidet.3 Elevane trivst med lærarane sine og føler at arbeidet dei gjer blir sett i kvardagen.4 Elevane opplever at læringa er organisert slik at dei får størst mogeleg utbytte av arbeidet.5 Elevane får ta i bruk ulike læringsstrategiar og får rettleiing i kva strategiar det er nyttig for dei å bruke for å nå måla sine6 Elevane opplever at bruk av IKT er ein naturleg del av læringsarbeidet7 Elevane opplever at læring i nærmiljøet er ein naturleg del av læringsarbeidet



<p>D</p> <p>Skulen og heimen samarbeider om elevane sitt læringsarbeid.</p>	<ol style="list-style-type: none">1 Dei føresette kjenner læringsresultata til ungane sine.2 Læringsarbeidet skaper konstruktiv dialog mellom heimen og skulen og mellom barn og føresette.3 Dei føresette veit korleis undervisninga blir organisert i dei ulike faga for sitt/sine barn.4 Det er låg terskel for kontakt mellom heimen og skulen.
---	--



MULTISALEN – EIT GLANSBILETE
FOR DEI FLESTE ELEVAR. PÅ KVAM
UNGDOMSSKULE EIG DEI DENNE
SALEN☺



5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon

- *Personalet er opne for endringar.*

Det å vere [ein lærande organisasjon](#) krev at kvar einskild i organisasjonen heile tida er oppteken av å utvikle seg, å skape handlingsrom der samhandling med dei andre i fellesskapet gir vekst, trivnad og gode resultat. Senge (1991), Argyris og Schön (1978) har sagt mykje om dette.

Personalet på Kvam seier sjølv at dei er relativt opne for endringar. I og med at dei jobbar på ein arbeidsplass som har gjennomgått store endringar dei siste åra, krev dette at kvar og ein går inn i ein omstillingsprosess der det å dele idear, erfaringar og kunnskap med kvarandre er naudsynt. Det vert sagt blant dei tilsette at dei trivst svært godt med kvarandre, noko som kjem elevane i klasseromma til gode.

- *Leiinga legg til rette for at timeplanen skal ta omsyn til ulike organisatoriske behov.*
- *Leiinga legg til rette for fleksibel bruk av personalet.*

Samtalar med leiinga viser at lærarteama får stor fridom i høve til å organisere undervisninga, og dermed læringsarbeidet til elevane, på ein slik måte at det kan gi eit godt læringsutbyte for elevane. Skulen har elevar med ulike tilpassingsbehov, eit personale som både er interesserte i fagformidling og det å utvikle sunn ungdom i eit godt samfunn, og ei leiing som støttar opp om og legg til rette for dette.

Personalet får i stor grad undervise i dei faga dei sjølv syns dei trivst best med, noko som er trygt å vite både for elevar og foreldre.

- *Skulen gjev heimane informasjon om organisering av undervisninga.*

Det er sjølvsagt i skulen no at foreldra blir opplyste om kva som skjer i løpet av skuledagen for ungane deira. Desse opplysningane får dei som oftast på foreldremøta om hausten når dei blir presenterte for ein ny timeplan. Då legg ein opp til at dei føresette kan kome med spørsmål. Dersom det skjer endringar i løpet av året, kjem det ofte informasjon frå rektor om dette.



Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal få maksimalt utbytte av læringsarbeidet som foregår.

- *Personalet samarbeider om elevane sitt læringsarbeid*
- *Organiseringa er slik at personalet får brukt sine sterke sider i læringsarbeidet*
- *Undervisninga blir organisert slik at læringsarbeidet blir tilpassa den einskilde eleven*
- *Timane er planlagde med konkrete, tydelege og realistiske mål for læringsarbeidet.*
- *Det blir lagt opp til at elevane skal lære og bruke ulike læringsstrategiar*

Personalet gir i undersøkinga uttrykk for at dei samarbeider godt om planlegging av elevane sitt læringsarbeid. Samarbeidet går mest føre seg på dei ulike teama, og det skjer mykje gjennom uformelle samtalar. Kvar trinn har same arbeidsplan, eller a-plan, som dei kallar det, og mange av faga er lagt parallelt i dei ulike klassane. Kvar kontaktlærer har ansvaret for ei basisgruppe med eit elevtal på 14-18 elevar.

I nokon fag kan elevane velje kompetansenivå, då på bakgrunn av samtalar mellom elev, foreldre og skule. I matematikk til dømes blir det lagt opp til nivådelte grupper, som ikkje er permanente, men der elevane har sjanse til å lukkast med læringsarbeidet og kjenne mestring i kvardagen. Observasjon i desse gruppene viste elevar som var engasjerte, som var motiverte uansett kva for gruppe dei var i, og lærartettleiken var størst i gruppa med det lågaste kompetansenivået. Denne tenkinga kan ein og oppdage når ein studerer a-planen. Her blir det gitt differensierte oppgåver i fleire fag ut frå K1-K2 og K3-prinsippet. Det viktige for skulen i denne samanhengen blir å informere elevar og foreldre tydeleg om at læringa blir mindre når læringstrykket minkar. Det er om å gjere å velje eit nivå som sikrar den einskilde maksimal utvikling og læring. Undersøkinga viste at både elevar, lærarar og foreldre likar denne ordninga.

På a-planane er det formulert mål for kvart fag slik at elevane skal vite retninga på læringsarbeidet. Desse måla er mest aktiverte i forkant av prøvar, når elevane repeterer kva dei har lært i perioden.

Det kom tydeleg fram under intervjuet med elevane at dei trener jamleg på å jobbe med ulike læringsstrategiar, og at dei etter kvart er i stand til å velje sjølv kva strategi dei vil bruke i innlæringa av ulike fag og tema.

Samtalen med dei tilsette viste og at dei jobbar aktivt med å variere undervisningsmetodane slik at læringsarbeidet kan opplevast positivt og engasjerande for dei fleste.

Lærarane er elles flinke til å legge til rette for elevar med spesielle vanskar eller som treng ekstra utfordringar i kvardagen.



Elevane opplever eit strukturert og målretta læringsarbeid som skaper mestring i skulekvardagen.

- *Elevane opplever at læringsmiljøet er trygt*

Spørjeundersøkinga elevane svarte på viste at trivnaden er stor blant dei unge. Det karakteristiske trekket er at trivnaden aukar med alderen, dei eldste elevane likar seg aller best. Samtalar både med foreldre og lærarar forklarar noko av kvifor det er slik; 10. trinnet jobbar kvar haust med eit prosjekt "Vinterfest" som spleisar elevgruppa og lærarane saman. Denne festen " har utvikla seg til noko unikt og fantastisk for alle," fortel foreldra. Dette fortel og lærarane på skulen. Den aukar nok den generelle trivselsfaktoren mange hakk. 8. trinnet må venne seg til kvarandre, det er mange ukjente å forholda seg til, det tar ei stund å opparbeide eit tillitsforhold til kvarandre. Men det vert opplevd svært positivt at dei ulike trinna held til i kvar sin etasje på skulen. Då går det ikkje lange tida før alle er kjende og trygge på kvarandre. Fint er det og at lærarane på trinnet har arbeidsrom i same etasje som elevane dei har ansvaret for.

- *Elevane trivst med lærarane sine og føler at arbeidet dei gjer blir sett i kvardagen*
- *Elevane opplever at bruk av IKT er ein naturleg del av læringsarbeidet*
- *Elevane opplever at læring i nærmiljøet er ein naturleg del av læringsarbeidet*

Alle elevane me snakka med sa at dei hadde kjekke og flinke lærarar som brydde seg om korleis dei hadde det på skulen. Lærarane på si side snakka om at dei syns dei er gode på å vise elevane respekt i kvardagen. Når det gjeld læringsarbeidet, så sa elevane at lærarane ser arbeidet dei gjer ved at dei må levere inn oppgåver gitt på a-planen anna kvar onsdag. Dei får då innleveringa tilbake med kommentar. Dette systemet er gjennomført på alle trinn og ser ut til å fungere godt på skulen. Innleveringa er innarbeidd rutine og skjer utan at læraren treng å mase om dette. Dersom ein ikkje har levert i arbeidsboka, har ein levert på It's learning, skulen si digitale læringsplattform.

Å jobbe på PC er vanleg, seier elevane, dei har stort sett eit eller anna prosjekt heile tida. Til slikt arbeid kan dei og ta med seg egne PC-ar. Elles jobbar klassane ulikt med IKT, nokon klassar oftare enn andre. Dei likar svært godt å lage egne pp-presentasjonar som dei legg fram for kvarandre. Dette opplever dei at dei lærer mykje av.

Spørjeundersøkinga viste at elevane i liten grad føler at skulen går utanom skuleområdet når det skal undervisast. Samtalane derimot viste at dei titt og ofte har prosjekt som gjer at dei må vere utanfor området ei stund. Filmprosjekt, intervjuoppgåver, joggeturar, naturfagekskursjonar,



museumsbesøk, bedriftsbesøk og arbeidsveka er døme på "learning-by-doing" – aktivitetar i nærmiljøet. Desse aktivitetane er nok med på å knyte dei sterkare til heimstaden dei er blitt så glade i.

Skulen og heimen samarbeider om elevane sitt læringsarbeid.

- *Læringsarbeidet skaper konstruktiv dialog mellom heimen og skulen og mellom barn og føresette.*

Lærarane ser på det som viktig at dei føresette får meldingar heim om korleis ungane deira jobbar på skulen. Derfor må heimen jamleg skrive under på arbeid elevane får med i sekken. Skulen har gode vurderingsskjema som gir heimane gode tilbakemeldingar til kvart enkelt barn i alle fag (terminvurderingane), fortel foreldra. I tilfelle der elevar har særskilte behov, er det ekstra viktig at kontakten mellom skulen og heimen er tett. Dette får me inntrykk av at skulen får til.

6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon

- *Personalet får tid til å reflektere rundt skulen sitt felles verdisyn.*

Personalet uttrykkjer i dialogmøtet, i svara på påstandsskjema og i ståstadsanalysen at verdiane skulen si pedagogiske plattform løftar fram, ikkje er ein aktiv og medviten del av planleggingsarbeidet på skulen. Plattformen er eit godt dokument, men den er i altfor stor grad eit sovande dokument.

Sjølv om mange av punkta i plattformen er oppfylte, er ikkje dette slik fordi skulen systematisk har arbeidd for at personale, elevar og foreldre skal få verdiane "under huden". Verdiane må bli meir synlege i arbeid med læringsmiljø og læringsarbeid.

Ståstadsanalysen viser at det ikkje blir opplevd at skulen er prega av lik reaksjon i møte med f.eks uakseptabel elevåtferd. Dette understrekar same behovet. Til meir aktive grunnverdiane er, til meir felleseige dei er, til lenger vil ein kome i arbeid med å nå visjonen skulen har.

- *Skulen legg til rette for drøfting av skulen sin pedagogiske praksis og trong for kompetanseheving i høve undervisningsorganisering og tilpassing av opplæringa.*
- *Personalet følgjer opp tilrettelegginga frå leiinga for fleksibel organisering av undervisninga*



Personalet seier at det er mange samtalar om pedagogisk praksis, og at det er eit positivt delingsmiljø, særleg på teama. Men også her manglar det noko på systematisk arbeid. Det blir peika på, både frå personalet og frå leiinga, at dei daglege oppgåvene opptek arbeidstida slik at innsats mot målretta drøftingar og søking etter meir kompetanse frå kvarandre eller andre miljø, ikkje får plass.

Leiinga peikar og på at det dei siste åra har vore mange oppgåver knytt til etablering av ein ny skule, og at dette har kome i staden for kompetanseheving på dette feltet. Det gjeld m.a. bruk av planleggingsdagar. Leiinga peikar og på at det ikkje er heilt samsvar mellom dei ynskje personalet målber om rom for organisatorisk fleksibilitet og utnyttingsgraden av den fleksibiliteten som det faktisk blir lagt til rette for.

- *Skulen har rutinar for å følgja opp nasjonale vurderingssystem (nasjonale prøvar, elevundersøkinga, eksamen).*

Dei siste åra har det frå sentralt skulehald vorte lagt mykje innsats ned i å få til system som skal vere med å heve kunnskapsnivået på basisfaga i skulen vår. Nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn er ein sentral del av dette, likeeins grunnskuleeksamen.

Det fins og kartleggingsprøvar til bruk for same formål, og Kvam herad har ein eigen plan for å bruke ein slik, "Kartleggaren". Både personale, leiing og foreldre gjev uttrykk for at fokuset på korleis ein følgjer opp resultat av desse kartleggingane, er for lågt. Ståstadsanalysen viser det same.

Mange foreldre melder om at dei ikkje veit at elevane har hatt for eksempel nasjonale prøvar, og endå fleire seier at dei ikkje har fått greie på noko resultat for sitt barn. Nokon lærarar seier at dei har informert i konferansetime, nokon ikkje. Eit trinn har lagt opp til at alle skal informere.

Her manglar heilt tydeleg opplegg for felles praksis både for informasjon, for drøfting og klargjering om kva rolle desse kartleggingane skal spele i læringsarbeidet, og for korleis ein skal følgje opp. Leiinga peikar på at dei ikkje har god nok kompetanse på tolking av resultat av nasjonale prøvar og elevundersøkinga.

- *Skulen gjev heimane informasjon om organisering av undervisninga og grunngjevinga for denne.*

Foreldra seier at dei får informasjon om ulike måtar undervisninga blir organisert på, m.a. på timeplanen, på arbeidsplanen, på foreldremøte både i klasse og felles. Lærarane seier og at dei informerer.

Begge gruppene peikar likevel på at dialog om grunngjeving for kvifor det er slik, manglar.

Ståstadsanalysen viser at det i liten grad blir diskutert kva som fører til god læring for elevane.



Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal få maksimalt utbytte av læringsarbeidet som foregår.

- *Timane er planlagde med konkrete, tydelege og realistiske mål for læringsarbeidet.*

Arbeidsplanane til elevane har ein kolonne for Læringsmål. Nokon av læringsmåla ser ut til å vere formulerte som overskrifter eller tema, ikkje som konkrete læringsmål. Bruken av læringsmål var ikkje særleg aktiv hjå elevane. Dei vart oppfatta som nyttige når ein skulle bu seg til prøve, men mange uttrykte at den kollonna brukte dei ikkje, nokon tok den heilt vekk frå planen når dei fekk han. Foreldre brukte det no ikkje, vart det sagt. Me observerte også lite aktiv bruk av læringsmål i undervisninga.

Det kan sjå ut som om at potensialet som ligg i å bruke læringsmål, saman med tilbakemelding og framovermelding, ikkje er godt nok utnytta. Elevane etterlyste og meir og tydlegare bruk av framovermelding i læringsarbeidet.

Elevane opplever eit strukturert og målretta læringsarbeid som skaper mestring i skulekvardagen.

- *Elevane samarbeider med lærarane sine om mål for læringsarbeidet.*

Både i påstandsskjemaet som elevane har svara på, i Elevundersøkinga og i dialogmøta me hadde med elevane viser det at graden av medbestemming, eller skal me seie deltaking i å skape sin eigen læringsssituasjon, er relativt låg.

- *Elevane opplever at bruk av IKT er ein naturleg del av læringsarbeidet*

Digital kompetanse er i LK06 sin generelle del nemnt som ein av dei fem grunnkompetansane alle elevar i grunnskulen skal ha. Det kjem og fram frå dei at det varierer ganske mykje frå klasse til klasse kor mykje IKT blir brukt som pedagogisk hjelpemiddel. Det gjeld både tekstbehandling, informasjonshenting og bruk av It's learning.

Elevane nemner at det er manglar på utstyrsida og på nettverkssida som gjer at IKT ikkje blir brukt så mykje som dei skulle ynskje.



Skulen og heimen samarbeider om elevane sitt læringsarbeid

- *Dei føresette kjenner læringsresultata til ungane sine.*

Sjå kommentarar gjevne over, under "Skulen er ein lærande organisasjon/Skulen har rutinar for å følgje opp nasjonale"

- *Det er låg terskel for kontakt mellom skulen og heimen*

Samarbeidet heim- skule er bra, dialogen er god og direkte, vert det sagt av foreldre. Kontakten er best med kontaktlærarane, sjølv om denne kontakten og er personavhengig – begge vegar. Kontaktfrekvensen kan med fordel aukast, syns ein del foreldre, då elevsamtalane to gonger i året ikkje dekker behovet deira for kontakt med lærarane. Dei kjem med eit framlegg om at både kontakt- og faglærarar har ei treffetid på telefon. Dette vil kanskje gjere kontakten mellom heimen og skulen endå betre.

Foreldra kan delta meir og nytte den digitale plattformen, ein gong pr. månad for eksempel, er eit framlegg frå lærarane. Dette passar godt med dette foreldra sa, at dei kan bli flinkare til sjølv å søke informasjon på nettet om det som skjer på skulen, då skulen får ros for at dei er flinke til å oppdatere nettsidene sine.

7 - Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Kvam ungdomsskule, 17. 03.2011

Anne Karin Flatlandsmo

Kolbjørn Blikås



Vedlegg 1

Interne deltakarar:

- Elevane, representert med tillitsvalt og varaperson
Med såpass mange basisgrupper vart dette ei brei og representativ elevgruppe til dialogmøta.
- Foreldre, representert med klassekontakt og varaperson.
Også her møtte me ei engasjert og viktig informantgruppe. 26 foreldre deltok.
- Alle lærarar og assistentar/fagarbeidarar.
- Leiinga, dvs. rektor og inspektør.

Eksterne deltakarar: Anne Karin Flatlandsmo og Kolbjørn Blikås

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV KVAM UNGDOMSSKULE

Vurderingstema: Læringsutbyte for alle - med vekt på organisering og tilpassing av opplæringa.

Vurderingspar: Anne Karin Flatlandsmo og Kolbjørn Blikås

Tid	Aktivitet	Ansvar
Des. 2010	Melding om vurdering. Avtale tid for vurdering.	Vurderar, rektor
Jan. 2011	Val av vurderingstema. Aktuelle dokument sendt vurderarane.	Skulen v/rektor
Jan. 24. kl. 10.30 – 12.00	Formøte på skulen. Presisering av vurderingstema	Vurderarar og leiing + plangruppe.
Veke 4	Framlegg til glansbilete sendt skulen	Vurderarar
Veke 4 - 5	Framlegget drøfta på skulen. Kommenterar sendt vurderarane. Gjennomføring av Ståstadsanalysen.	Skulen
Veke 6	Endeleg versjon glansbilete sendt skulen.	Vurderarar
Veke 7	Påstandsskjema elevar og personale sendt skulen. Svart på og returnert vurderarane i veke 8	Skulen
Veke 8 - 10	Informasjon til foreldre Utarbeiding av samtaleguidar	Skulen, vurderarane
Veke 11	Vurderingsveke Måndag 14. <ul style="list-style-type: none">• Møte med leiinga.	Vurderarane



	<ul style="list-style-type: none">• Dialogmøte med elevar 8, 9, 10 trinn• Dialogmøte med foreldre kl 18.30 – 20.30 <p>Tysdag 15.</p> <ul style="list-style-type: none">• Dialogmøte med rektor og inspektør• Observasjon i klassane• Dialogmøte med personalet <p>Onsdag 16.</p> <ul style="list-style-type: none">• Observasjon i klassane• Møte med leiinga <p>Torsdag 17.</p> <ul style="list-style-type: none">• Møte med leiinga, konklusjonar.• Framlegging av ferdig utarbeidd rapport kl. 14. 30 – 15. 30	
Veke 12	Offentleg rapport og Vedleggsrapport skal sendast elektronisk til rektor og skuleeigar. Evaluerings skjema skal sendast til skulen.	Vurderarane



Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og personale, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i mange klassar på trinna i ulike undervisningssituasjonar.



Vedlegg 4

Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga

SPØRSMÅL TIL ELEVANE VED KVAM UNGDOMSSKULE

Kryss av for kva klassetrinn du er på: 8. 9. 10.

	I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1 Du opplever at det er trygt å kome med eigne tankar i klassesamtalar.				
2 Du opplever at du blir akseptert av dei andre elevane i klassemiljøet uansett.				
3 Du opplever at lærarane ser korleis du jobbar og at dei gir deg tilbakemelding på dette.				
4 Du likar dei lærarane du er saman med i undervisningstimane.				
5 Du får vere med å setje deg mål for læringsarbeidet i lag med læraren din i faga.				
6 Du føler at du lærer mykje av det som det blir venta av deg at du skal kunne på skulen.				
7 Du får opplæring i å bruke ulike læringsstrategiar (dvs. måtar å arbeide på) i arbeidet med å lære forskjellige fag.				
8 Lærarane gir deg rettleiing i kva for læringsstrategiar det kan vere lurt å bruke i forhold til ulikt fagstoff.				
9 Du kjenner læringsmåla og veit kva du skal lære til ei kvar tid.				
10 Du jobbar aktivt for å nå desse måla.				
11 Du får bruke IKT i læringsarbeidet når du har behov for det.				
12 Ein del av undervisninga blir tilrettelagt i nærmiljøet, utanfor skulen sitt område.				



SPØRSMÅL TIL PERSONALET VED KVAM UNGDOMSSKULE

	I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1 Personalet veit kva som ligg i omgrepet "Ein lærande organisasjon"				
2 Personalet er opne for endringar.				
3 Personalet brukar tid til å reflektere rundt skulen sitt verdisyn.				
4 Personalet drøftar skulen sin pedagogiske praksis.				
5 Personalet blir oppmuntra til å heve kompetansen sin på organisering av undervisninga og tilpassing av opplæringa.				
6 Timeplanen gjer det mogeleg å organisere undervisninga på ulike måtar.				
7 Personalet blir brukte til oppgåver dei har kompetanse til og lukkast med.				
8 Personalet følgjer opp tilrettelegging frå leiinga for å få til fleksibel organisering av undervisninga.				
9 Skulen gir heimane informasjon om korleis og kvifor undervisninga er organisert som den er.				
10 Personalet samarbeider om planlegging av elevane sitt læringsarbeid.				
11 Personalet deler erfaringar og reflekterer i lag over sin pedagogiske praksis.				
12 Organiseringa er slik at personalet får brukt sine sterke sider i læringsarbeidet.				
13 Det er felles rutinar på skulen for korleis ein følgjer opp nasjonale vurderingssystem slik at dei får betydning i den tilpassa opplæring.				
14 Undervisninga blir organisert slik at det er mogeleg å tilpassa læringsarbeidet til den einskilde eleven.				
15 Timane er planlagde med konkrete, tydelege og realistiske mål for læringsarbeidet.				
16 Det blir lagt opp til at elevane skal bruke ulike læringsstrategiar.				
17 Det er låg terskel mellom heimen og skulen for kontakt om læringsarbeidet.				



SAMTALEGUIDE ELEVAR – intervju i gruppe

Kva er bra med Kvam ungdomsskule?

Elevane opplever eit strukturert og målretta læringsarbeid som skaper mestring i skulekvardagen

- 1 Kva gjer at du som elev kjenner deg trygg i lag med lærarar og andre elevar?
- 2 Kva veit du om måla for kvar time/kvart emne de arbeider med på skulen?
- 3 Kven er det som lagar/formulerer desse måla?
- 4 Kva nytte har dei for deg?
- 5 Er det like mål for alle, eller er det mål som gjer at elevar arbeider med forskjellige ting?
- 6 På kva måte får du vere med å bestemme noko av det som skal gjerast av arbeid på skulen?
- 7 På kva måte opplever du at læraren ser det du gjer?
- 8 Korleis gir læraren deg rettleiing som er tilpassa nettopp berre deg?
- 9 Sei litt om ulike måtar de arbeider på; heil klasse, gruppe, par, åleine, prosjekt, ...
- 10 Tenk på desse ulike måtane. Når lærer du mest?
- 11 Kan du nemne opp nokon læringsstrategi?
- 12 Sei litt om korleis de øver på ulike måtar å lære på.
- 13 Kva brukar de IKT til på skulen?
- 14 Kva skulle du ynskt at de kunne bruke IKT til? Kvifor?
- 15 Kan de gje eksempel på skulearbeid som de har vore utanfor skulen og arbeidd med?



SAMTALEGUIDE FØRESETTE; FAU – MEDLEMMER/ KLASSEKONTAKTAR

Gruppesamtalar med oppsummering i plenum

Skulen og heimen samarbeider om elevane sitt læringsarbeid.	1 På kva måte får de foreldre informasjon om korleis læringsarbeidet til elevane er organisert?
	2 Opplever de at elevane får undervisning og oppgåver som passar akkurat dei?
	3 Korleis får de foreldre informasjon frå skulen om resultatane av elevane sine ulike kartleggingstestar?
	4 Korleis er dialogen med kontaktlærarane om det jamne læringsarbeidet til ungene dykkar?
	5 Syns de foreldre at ungene lærer nok på skulen, at læringstrykket ungene blir utsette for på skulen er høgt nok?
	6 Veit de om ungene dykkar får vere med å setje seg sine eigne mål for læringsarbeidet?
	7 Korleis er terskelen for kontakt mellom heim og skule?
Set opp punkt som de meiner Kvam ungdomsskule er flink til.	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til.	
Set opp punkt som de føresette kan bli flinkare til.	



SAMTALEGUIDE TILSETTE

Gruppesamtalar med oppsummering i plenum

<p>A Skulen er ein lærande organisasjon</p>	<ol style="list-style-type: none">1 Korleis jobbar de for at skulen sitt elevsyn, slik det er formulert i den pedagogiske plattformen, blir gjennomført i praksis?2 Korleis er systemet pr. i dag for kartlegging og oppfølging av elevar etter dei nasjonale vurderingssystema?3 På kva måte deler de i personalgruppa erfaring de har med ulike læringsstrategiar og arbeidsmetodar i klasserommet, sett i høve til elevane sin motivasjon og lærelyst?
<p>B Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal få maksimalt utbytte av læringsarbeidet som foregår.</p>	<ol style="list-style-type: none">4 Kva er dei fem viktigaste faktorane som kjenneteiknar den gode undervisninga på Kvam ungdomsskule pr. i dag?5 I kor stor grad er elevane med på å setje eigne mål for læringsarbeidet?6 Korleis organiserer de undervisninga slik at det blir rom for jamlege elevsamtalar med ros/tilbakemelding/framovermelding?7 Korleis organiserer de undervisninga for å innfri kravet om tilpassing i høve til alle elevane i gruppa?8 Korleis jobbar de for at alle elevane skal kjenne seg trygge i møte både med personale og medelevar på skulen?
<p>C Skulen og heimen samarbeider om elevane sitt læringsarbeid.</p>	<ol style="list-style-type: none">9 Korleis gjev skulen heimane informasjon om organisering av undervisninga og grunngevinga for denne?10 Korleis er dialogen med heimane om det jamne læringsarbeidet til ungane deira?11 Korleis meiner de terskelen for kontakt mellom skulen og heimen er pr. i dag?



SAMTALEGUIDE LEIINGA

Skulen er ein lærande organisasjon	1 Korleis legg de til rette for at personalet får drøfte verdisynet sitt i høve til den pedagogiske praksisen? (jf. elevsynet presentert i skulen sin pedagogiske a. plattform)
	2 Kva slags kompetansehevingstiltak gjer skulen seg nytte av?
	3 Korleis brukar skulen resultatata av dei nasjonale prøvane, elevundersøkinga og eksamensresultata i den vidare tilpassa opplæringa i klassane?
	4 Kva tankar ligg til grunn for timeplanen slik den er lagt pr. i dag?
	5 Kva legg de vekt på når de disponerer personalet?
	6 Korleis ser de til at personalet organiserer undervisninga på ein fleksibel måte?



OBSERVASJONSSKJEMA

Fag _____ Trinn _____ Tal lærarar _____

Organisering

Formidling ____ Klasseromsu. _____ Gruppe ____ Ind. arb. _____

Anna _____

Ser:

	Stor grad	Nokon grad	Liten grad
Læringsmål for timen			
Elevar brukar måla			
Klar struktur på læringsarbeidet			
God lærar/elevrelasjon			
Klare rutinar (felles oppstart, klare beskjedar, få beskjedar, beskjedar på tavla,)			
Engasjert lærar/-ar			
Arbeidsro			
Humør /blide elevar			
Engasjerte elevar			
Tilbakemeldingar			
Ros/anerkjenning			
Framovermeldingar			
Tiltalende lokale			
Tilpassa undervisning			